

Årsmelding

2023




Oselvare i alle størrelser: Frå venstre tolværingen Rival, åttringen Harald, seksæringen Babben, færingen Alexandra og til høgre ein æring som enno ikkje har fått namn. Foto Roy Arild Nilsen.



Oselvarverkstaden
BÅTBYGGERI

INNHOLD

- 3. Vedtekter
- 4. Styrets arbeid
- 5. Strategiplan
- 6. Kommentar frå dagleg leiar
- 7. Organisasjon / verkstaden
- 8. Økonomi
- 9. Produksjon
- 10. Lærlingar / marknadsføring
- 11. Formidling
- 12. Opplæring / "Handlaga"
- 13. Generelt for Oselvarverkstaden
- 14. Diverse aktivitetar 2023
- 15. Signatur



VEDTEKTER

for Stiftinga Oselvarverkstaden

§ 1 Namn og forretningsadresse

Stiftinga Oselvarverkstaden vart skipa i 1997 av Os kommune og Os Båtbyggjarlag i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Namnet er Stiftinga Oselvarverkstaden. For alt som ikkje er regulert av desse vedtekene, gjeld lovgjevinga om stiftingar.

Adressa er: *Stiftinga Oselvarverkstaden, Hamnevegen 41, 5200 Os*

§ 2 Føremål

Føremålet er å ta vare på båtbyggarhandverket som gjeld oselvaren, i pakt med tradisjonar og strenge krav til kvalitet. Dette skal ein oppnå ved at:

- A. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der ein tek vare på og utviklar spiss-kompetansen med bygging av små trebåtar.
- B. Oselvarverkstaden skal vera ein opplæringsstad for dei fylkeskommunale lærlingane.
- C. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der handverket kan vidareførast som ei livskraftig næring.
- D. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der ein vil formidla kunnskap om handverket og bruken av båten.

§ 3 Grunnkapital - Grunnkapitalen er på kr 50 000

§ 4 Styret

Styre for Stiftinga Oselvarverkstaden har fem medlemer med personlege varamedlemer som vert oppnemnde slik:

- Bjørnafjorden kommune - ein medlem
- Vestland fylkeskommune - ein medlem
- Dei fast tilsette på Oselvarverkstaden - ein medlem
- Styret for stiftinga vel to styremedlem. Ein medlem skal vera frå norsk museumsmiljø og bør ha relevant kompetanse innan tradisjonell båt- og kystkultur.

Funksjonstida til styremedlemmane følgjer kommunestyreperioden. Styret vel sjølv leiari og nestleiar. Styremedlem kan attveljast utan tidsavgrensing. Styret er vedtaksført når minst 3 medlem er til stades. Står røystene likt avgjer røysta til leiaren. Dagleg leiari er sekretær for styret og møter fast på styremøta. Styret kan i einskilde høve også gje andre møte- og talerett.

Styre tilset og kan seia opp dagleg leiari og båtbyggjarar, og fastset kven som skal ha det faglege ansvaret. Styret godkjenner årsmelding og årsrekneskap som dagleg leiari legg fram, og vedtek budsjett. Styret kan også vedta strategiske planar for drifta ved verkstaden. Styret vel revisor for stiftinga.

§ 5 Strategiutval

Oselvarverkstaden har eit strategiutval på minst fem personar, alle oppnemnde av styret. Strategiutvalet arbeider etter eit mandat gjeve av styret for verkstaden.

§ 6 Dagleg leiing

Styre tilset dagleg leiari, som skal fungere som sekretær for styret og står for den daglege drifta av Oselvarverkstaden. Det gjeld og produksjonsplanlegging, økonomistyring og organisering av arbeidet på verkstaden.

STYRETS ARBEID

Styret i meldingsåret 2023 har vore:

Leiar:	Henrik J. Askvik	Oppnemnd av styret
Nestleiar:	Stig Morten Frøiland	Oppnemnd av Vestland fylkeskommune
Medlem:	Helge Steinum	Oppnemnd av Bjørnafjorden kommune
Medlem:	Terje Planke	Oppnemnd av styret
Medlem:	Stig Salbu Henneman	Vald av dei tilsette

Styremøter

Styret har hatt fem møter med 48 saker i 2023.

Møtedatoar var 23. januar (ekstraordinært), 14. februar, 9. mai, 19. september og 28. november.

Budsjettmøte med Vestland fylkeskommune

31. mai 2023 hadde vi årleg budsjettmøte med Vestland fylkeskommune. Styreleiar og dagleg leiar deltok på møte. Vi har ikkje hatt budsjettmøte med Bjørnafjorden kommune i 2023, men har hatt tett dialog med kultursjefen gjennom heile året.

Agenda for budsjettmøtet med fylket var mellom anna:

- Bruk av tilskot til verksemda for 2023 (gjennomgang av rekneskap og årsmelding for 2022)
- Verksemda sitt arbeid i 2022
- Verksemda sine planar og budsjett for 2024

På budsjettmøtet vert det gitt ein orientering om arbeidet som har blitt gjort på verkstaden det siste året. Samstundes snakkar vi om planar/endringar for dei neste åra. Avtalen og tilskot frå **Vestland fylkeskommune** og **Bjørnafjorden kommune** er ein føresetnad for drift av Stiftinga Oselvarverkstaden. Det er og har alltid vore ein god dialog og forståing mellom partane.

For 2023 var stønaden **kr 1 146 000** frå **Bjørnafjorden kommune** og **kr 1 806 480** frå **Vestland fylkeskommune**. Tilskott frå kommunen vart ikkje regulert siste året, dette til tross for at vi fekk ein kraftig løn og prisauke. Berre pensjonskostnadene har hatt ein kraftig auke og tilskota har ikkje klart å halde følge. Bjørnafjorden kommune ligg no litt etter med tilskot i forhold til avtalen som ligg til grunn.

Rekneskap: Verkstaden brukar **PowerOffice** og **Tind Økonomi AS** er rekneskapsførar. Revisor for Oselvarverkstaden er **Os Revisjon ANS**.

Dette er dei viktigste sakene styret for Oselvarverkstaden har handsama i 2023:

- Økonomi
- Lærlingar
- Tariffavtale
- Råseglseminar
- Investeringar
- Nasjonalt Oselvarsenter
- HMS

STRATEGIPLAN

Strategiplanen vart samrøystes vedtatt **24.09.2018**. Planen er ikkje tidsavgrensa, men kan reviderast når styret ser det tenleg. Strategiområda med tilhøyrande mål og tiltak er meint som eit styringsverktøy som skal gjenspeglast i budsjett og handlingsplanar.

STRATEGIOMRÅDE

Lærlingestrategi:

Vi skal være ein opplæringstad som tar vare på og utviklar handverket og ha som mål til ein kvar tid å ha to lærlingar i arbeid.

Brukarstrategi:

Vi skal være eit kompetancesenter som er tilgjengeleg for båtbrukarane. Vi skal i samarbeid med kommunen legge til rette for at born og unge skal bli kjent med Oselvaren.

Kompetansestrategi:

Vi skal ha kompetanse på bygging av alle typar Oselvar-båtar. Vi skal ta vare på og utvikle spisskompetanse i faget. Vi ønskjer ei kontinuerleg fagleg utvikling av dei tilsette, og skape eigarskap til eigen arbeidsplass.

Sponsorstrategi:

Vi vil utvikle ein sponsorstrategi som stimulerar til samarbeid mellom næringsliv, privatpersonar, lag og organisasjonar. Arbeide aktivt i samarbeid med sponsorar for å spreie informasjon om Oselvaren og arbeidet til Oselvarverkstaden.

Formidlingsstrategi:

Vi skal delta på messer og festivalar, dokumentere arbeidet vårt med tekst, film og bilete. Vi skal ha tett dialog med kommunen og fylkeskommunen for felles formidling av Oselvartradisjonen. Vi skal lage gode nettsider med relevant informasjon om arbeidet vårt.

Nettverksstrategi:

Vi skal være ein del av fleire nettverk for formidling av handverk og norske tradisjonsbåtar.

Samfunnsstrategi:

Vi skal være eit regionalt senter for osevarar og mindre vestlandsbåtar. Sikre Oselvarverkstaden si historiske rolle og posisjon i kommunen og i fylkeskommunen. Være ein del av nasjonale målsetningar for utdanning og formidling av norsk småbåttradisjon.

KOMMENTAR FRÅ DAGLEG LEIAR

Året 2023 byrja med seminar på Solstrand Hotell, der fleire organisasjonar hadde gått saman for å starte noko som førebels vert kalla "Interimstyret for eit Nasjonalt Oselvarsenter." Denne satsinga har fått mykje merksemd det siste året, eg kjem tilbake til dette mot slutten av kommentaren.

Me kjenner alle på dei dårlege tidene. For Oselvarverkstaden er det auka varekostnader og ein kraftig auke i pensjonsutgifter som påverkar drifta mest. Samstundes har tilskot frå Bjørnfjorden kommune ikkje vore justert i 2023. Einaste grunn til at tala ikkje er raude for 2023, er at me for tida har ei ledig båtbyggjarstilling. Sjølv om me har hatt mangel på kvalifisert arbeidskraft, kunne me ha auka produksjonen om me hadde hatt meir plass, men det er, som dei fleste veit, ikkje så lett i dagens verkstad.



I samarbeid med Vestland Fylkeskystlag, Forbundet KYSTEN og Kystkultur.NO var Oselvarverkstaden medarrangør av Råseglsseminar i Fanafjorden i september. Det vart ein svært vellukka samling med heile fjorten råsegligga båtar.

I løpet av 2023 tok nye båtbyggjarar fagbrev på Oselvarverkstaden. **Torstein Runde Huus** avla fagprøva si 11. april, og avslutta læretida 28. april. **Nis Kristian Nielsen** fekk fagbrev 26. mai og takka for seg nokre dagar etter.

1. september starta **Jostein Magnesen** og **Jørn Bøe** læretida si. Dei vart kasta inn ut i Oselvardagane. Saman med Stig, fekk dei ansvar for undervisning av alle niandeklasseelevene i kommunen om bruk av båt og tryggleik på sjøen.

Dei nye lærlingane bur begge i Vestland fylke. Denne gongen valde me lokale lærlingar. Me håpar dei blir buande i nærleiken og at dei kanskje kan bli ei ressurs for verkstaden når dei er ferdige med læretida. Drifta på Oselvarverkstaden er svært sårbar når me har så få kvalifiserte båtbyggjarar i distriktet. Dei som har tatt fagbrev dei siste åra, har vore frå andre delar av landet eller frå utlandet.

Som vanleg har me jevn og god pågang med båtkjøparar. I 2023 hadde me seks personar på venteliste. I tillegg til fire båtar som vi har signert kontrakt med. Leveringstida er no mellom to og tre år. Eg jobbar for tida med produksjonsplan for 2025 og ser at fleire båtkjøparar dropper ut når leveringstida blir for lang.

Etterspurnaden etter kobbar har auka drastisk globalt. Ein ventar at metallet vil bli rekorddyrt framover. For oss betyr det mangel på kobbar-saum. Me kan enno skaffe dei minste dimensjonane, men stor saum er vanskeleg å få tak i. Siste forsøk var gjennom kontakter i Risør, som igjen hadde kontakter i Kina. Prøvene dei laga hadde ikkje rett dimensjon. Så me har enno ikkje løysing på dette problemet og vil kanskje gå tom for stor saum mot slutten av 2024.

Nasjonalt Oselvarsenter: Prosjektet fekk tildelt 450 000,- frå Vestland fylkeskommune i 2023. Satsinga har vidare fått 800 000,- for 2024 og 2025. Det er Oselvarverkstaden som står som søker og er difor eigar av satsinga, men det er "Interimstyret for eit Nasjonalt Oselvarsenter" som har stått for styringa av prosjektet. Interimstyret har valt Lars Grøteide som prosjektleiar. Oselvarverkstaden har ein representant i interimstyret, og me har difor hatt begrensa moglegheit til å styre dette arbeidet.


Os, 5. februar 2024

Vidar Langeland
Dagleg leiar

TILSETTE 2023



Stig Henneman
båtbyggjar/
fagleg leiar



Leif Harald Amundsen
båtbyggjar



Berit Synnøve
Osmundsen
permisjon



Vidar Langeland
dagleg leiar



Jostein Magnesen
lærling



Jørn Bø
lærling



Nis Nielsen
lærling, ferdig 2023



Torstein R. Huus
lærling, ferdig 2023

Leif Harald Amundsen og **Stig Salbu Henneman** har hatt 100% fast stilling som båtbyggjarar. **Berit Synnøve Osmundsen** har hatt permisjon det meste av året. **Sylvia Vangnes** har vore tilsett som reinhaldar i 6 % stilling. **Vidar Langeland** har hatt 100% stilling som dagleg leiar. **Torstein Runde Huus** og **Nis Kristian Nielsen** var lærlingar fram til juni 2023. Begge fekk fagbrev i 2023 og er no ferdig utdanna trebåtbyggjarar. **Jostein Magnesen** og **Jørn Bø** starta som lærlingar i september 2023 og skal halde fram med dette fram til sommaren 2026.

VERKSTADEN

Oselvarverkstaden er ei sjølvstendig stifting som får økonomisk støtte frå **Vestland fylkeskommune** og **Bjørnafjorden kommune**. Verkstadslokala er eigd av Bjørnafjorden kommune, Stiftinga Oselvarverkstaden betalar ein årleg husleige som har lege fast på kr 200 000 per år. I tillegg leiger vi eit lagerlokale og uteområde for saging av tømmer i Hegglandsdalen.

Avtale med Bjørnafjorden kommune

Me har kontrakt med Bjørnafjorden kommune om leige av bygget, kommunen har ansvar for straum, wifi og vedlikehald av bygg og uteområde.

Tariffavtale og kontrakt

Dei tilsette ved Oselvarverkstaden har tariffavtale gjennom Fellesforbundet og AFP-ordning gjennom KLP. Lærlingane har lærekontrakt, som er godkjent av Vestland fylke, direkte med Oselvarverkstaden.

Fornying av maskiner og utstyr

I 2023 investerte me i ny tømmersag. Dette er den største investeringa me har gjort på mange år.

Stadig fokus på arbeidsmiljø og lokale


Me er for tida to båtbyggjarar, to lærlingar og ein tilsett i administrasjonen. Ein båtbyggjar er i permisjon.

Det er trøngt, og då særleg i produksjonen der me berre har plass til to-tre båtar. Me treng plass til å ta imot skuleklassar, turistar, kundar, studentar og andre besökjande.

“Interimsstyret for Nasjonalt Oselvarsenter”

er ei samling av seglarar, båtlag og kystlag. Oselvarverkstaden/interimsstyret søkte om, og fekk 450 000,- i KUP-midlar frå Vestland fylke i 2022/23. I 2023 fekk satsinga 800 000,- fordelt på 2024 og 2025. Pengane skal nyttast til å utarbeide planar for eit nytt Oselvarsenter. **Stig Salbu Henneman** er Oselvarverkstaden sin representant i interimsstyret.

ØKONOMI



Verkstaden har sunn økonomi, men kostnadene dei siste åra har auka langt meir enn tilskota. Vi kan få problem med å halde oppe antall årsverk hvis ikkje kommune og fylke bidreg meir. Verkstaden har ein ubesatt båtbyggjarstilling, det forklarar kvifor vi har overskot for både 2022 og 2023.

Salgsinntekt for 2023:	1 016 311	mot i 2022: 628 953
Sum driftsinntekter for 2023:	4 190 219	mot i 2022: 3 623 845

Varekostnad i 2023:	255 860	mot i 2022: -127 227
Lønnskostnad for 2023:	2 924 816	mot i 2022: 2 514 186
Andre driftskostnadar i 2023:	666 125	mot i 2022: 646 358

Resultatet visar eit overskot pr. 31.12.2023 på **kr. 115 219**
Samanlikna med 31.12.2022 då det vart eit overskot på **kr. 489 224**

Sjå årsrekneskap for 2023 for fleire detaljar.

PRODUKSJON

Oselvarverkstaden har levert to færings og to seksæringar i 2023

Bygg nr 110 : Seksæring 12 alen, ubehandla robåt, Osterøy Turlag, bygd av lærlingane Torstein og Nis, levert april 2023.

Bygg nr 111 : Seksæring 12 alen, ubehandla robåt, Osterøy Turlag, bygd av Stig Salbu Henneman, levert mai 2023.

Bygg nr 112 : Færing 10 alen, lakk med råseglsrigg, bygd av Leif Harald Amundsen, levert juni 2023

Bygg nr 115 : Færing 10 alen, lakk robåt, bygd av Tortstein og Nis, levert april 2023.

Ordretilgang

Ved årsskifte, 2023/2024 har vi to seksæringar i produksjon og fem båtar i bestilling, ein av bestillingene er ein kopi av åttring frå Austfjorden i Nordhordland. Dei andre er færings til private og Bergen turlag.



Nis Kr Nielsen fekk fagbrev og avslutta læretida si i juni 2023.



Stig forklarer gjestearbeidar Marine Le Berre frå Frankrike korleis ein hogger halsar.

I 2023 fekk vi bestilling på fire nybygg frå tre ulike organisasjonar. **Forbundet Kysten og Sparebankstiftelsen DnB** står bak tildelinga. Fleire lag søkte og **Oselvarlaget, Bergen og Hordaland Turlag og Lindås Sogelag** fekk tilslagn om støtte. I tillegg har vi hatt pågang frå privatpersonar som vil bestille båt, men mange trekker seg grunna lang leveringstid.

Tømmer/ tilgang på material

Båtbyggjarane hogg tømmer i Samnanger, ved Sævildsvatnet i januar. Same plass som dei har vore dei siste åra. Sævild er eit skogsområdet aust for Samnangerfjorden med grei tilkomst og gode skogsvegar. Saging og lagring av material blei gjort i Hegglandsdalen i mars/april.

LÆRLINGAR

Nis Kristian Nielsen og **Torstein Runde Huus** var lærlingar fram til våren 2023. Begge fekk fagbrev etter bestått eksamen og dei har no reist vidare på jobb og studier.

Jørn Bøe og **Jostein Magnesen** starta læretida si 1. september 2023. Dei nye lærlingane er heimehøyrande i Bjørnafjorden og Alversund. Vi er heldige som får så mange godt kvalifiserte søker til læreplassene på Oselvarverkstaden.



Jørn Bøe er frå Os



Jostein Magnesen er busett i Alversund

MARKNADSFØRING

Vi har fast annonsering på Google. Vi legg ut informasjon og andre meir kuriøse saker på sosiale media. I 2023 hadde vi over **60 Facebook-innlegg** og FB-sida hadde, ved årsskifte, **9557 følgjarar**. Ca 900 av dei kom til siste året. På Instagram har vi drøyt **1700 følgjarar**. Sosiale media er ein rimeleg måte for oss å nå ut til publikum.


Siste året hadde vi **omlag 200 000 klikk** på **Oselvarverkstaden.no**. Det er i snitt over **540 brukarar kvar dag**. Alle desse klikka er nok ikkje reelle, nokre av treffna kjem nok frå indeksering av nettsida.

Besøk på nettsidene: 11 % av treffa kjem frå **Danmark**, 10 % frå **USA**, **Tyskland**, besøk frå **Noreg** kjem på 5. plass med nesten 6 % av treffa. Vi har altså eit særslig internasjonalt publikum. Nettsidene er no omsett til engelsk. Det vil kanskje føre til auke i interesse frå utlandet. 89 prosent av besøka kjem frå datamaskin, resten kjem frå nettbbrett/mobil.

Facebook-følgere ⓘ

9 557

Alder og kjønn ⓘ



Facebook: I 2023 hadde vi fleire følgjarar enn både Sjøfartsmuseet i Bergen og Bjørnafjorden kommune.

FORMIDLING



Torstein og Nis ror til Solstrand for å overlevere



Samarbeid om kunstprosjekt med Os barnehage.

Omvising på verkstaden

Vi har hatt jevnt med besøk i 2023. Dei fleste besøk er "drop in", folk som berre stikk innom utan avtale.

Februar: Banksjefen og andre tilsette i Fana Sparebank var invitert for å sjå på æringsprosjektet som dei har støttå. Bygget er fordjupningsbåten i 2023 og er den minste båten som er bygd her på Oselvarverkstaden.

April: Solstrand Hotell med hotelleigar Børrea Scau-Larsen i spissen fekk overlevert ein nybygd færing.

Juni: Oselvar-prosjektet i Os barnehage. Fleire grupper frå barnehagen har besøkt Oselvarverkstaden og resultatet er ein flott kunstutstilling med Oselvaren i sentrum. Ordførar, rådmann og kultursjef var til stades under opninga. På bildet ser vi båtbyggjar Stig Salbu Henneman, kunstar og barnehagetilsett Vicky Georgina Bøe, styrar Elisabeth Norstrand og ordførar Trine Lindborg.

August: Oselvardagane, som er ein del av den «Den kulturelle skulesekken», er eit samarbeid mellom Bjørnafjorden kommune, Oselvarlaget, Os Rotary og Oselvarverkstaden. Alle niendeklassane i kommunen fekk ein Oselvardag på fjorden.



Sjøsetting av seksæringar til Osterøy Turlag i august



Frå Klinkbåtkonferansen i Roskilde og Holbæk



Råsegriiga oselvare og ein hardangerbåt på Fanafjorden i september 2023

September: Råseglsseminar i Fanafjorden blei ein suksess. Med strålende ver og fjorten råsegriiga båtar kunne ein sjå på fjorden. Det var eit flott syn. **Klinkbåtkonferansen i Roskilde** gjekk av stabelen to veker seinare. Oselvarverkstaden var representert med Stig Salbu Henneman og Vidar Langeland. Representantar frå alle dei nordiske landa og Færøyene tilstades nå vi markerte at den nordiske klinkbåttradisjonen no er ført inn på UNESCO si prestisjetunge liste over verdens immaterielle kulturarv.

OPPLÆRING

Råseglsseminar vart i år arrangert av **Kystkultur.no**, **Oselvarverkstaden** og **Vestland fylkeskystlag**. **Kjell Magnus Økland** var primus motor. Semimaret gjekk føre seg i Fanafjorden, med Båthallen på Stend som base. Tema i 2023 var **“Råseglet på Oselvaren”**. Både fast tilsette og lærlingane på Oselvarverkstaden var på plass på Stend heile helga frå 7 til 10. september.

HANDLAGA

Oselvarverkstaden er med i nettverket “Handlaget”. Tidlegare “Economusee”-nettverket. Det er i dag femten norske verksemder i organisasjonen. Vi har hatt både fysiske og digitale møte/workshop i nettverket i 2023. Sommaren 2023 fekk vi besøk av den Canadiske leiaren av nettverket, **Carl-Eric Guertin**. Han vart svært begeistra for arbeidet vårt og inviterte oss til Canada for å halde foredrag i februar 2024. Dagleg leiar tek turen til Quebec 8. februar 2024.

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Vi har ikkje hatt alvorlege hendingar eller fråværsskadar i 2023. Verkstaden har vore open for publikum alle arbeidsdager heile året. I tillegg har vi hatt nokre helgesesøk.

ANNA BRUK AV VERKSTADEN

Os Fritidsfiskarlag har brukt verkstaden til klubblokale måndagar og onsdager. Os Dykkekubb har luftkompressor i eit rom ved inngangen til verkstaden. Dei er ofte ute med dykkarbåten og bruker av og til gang og toalett som skifterom.

GENERELT FOR OSELVARVERKSTADEN

a) Føresetnader for vidare drift

I samsvar med § 3-3 i reknesakslova stadfester styret at det er føresetnader for vidare drift av stiftinga.

b) Arbeidsmiljø

Overflatebehandling: Overflatebehandlinga går føre seg i eige rom med mekanisk utlufting.

Arbeidstakarane bruker maske, overtrekksdress og hanskar under arbeidet.

I 2023 lakkja Os Asvo ein båt for oss, vil håper på å fortsette dette samarbeidet i åra som kjem.

Maskiner og støy: Maskinene er merkte etter forskrifter. Arbeidstakarane har påbod om å bruka hørslevern og vernebriller når maskinene er i bruk.

Sjukefråvær og skadar: Sjukefråvær blant tilsette og lærlingar var 3 prosent i 2023. Vi har ikkje hatt arbeidsuhell eller skade der tilsette har fått medisinsk tilsyn i meldingsåret.

Det er utarbeidd risikoanalyse og skriftelege rutinar for risikoreduserande tiltak ved skogsarbeid. Desse er godkjende av Arbeidstilsynet. Oselvarverkstaden har avtale med “**BHT, Bedriftshelsetjeneste Bergen**” om bedriftshelseteneste.

c) Likestilling

Stiftinga har for tida tre fast tilsette båtbyggjarar (ein er diverre langtidssjukmeldt), to lærlingar og ein i administrasjonen. Ein av båtbyggjarane er kvinne. I stningsstyret har det vore fem menn i meldingsåret.

d) Påverknad på det ytre miljøet

Det er ingen ting ved verksemda som kan medføra særleg påverknad på det ytre miljøet. Det har ikkje vore hendingar med utslepp til ytre miljø i 2023.

e) Økonomi

Salgsinntekt for 2023:	1 016 311	mot i 2022: 628 953
Sum driftsinntekter for 2023:	4 190 219	mot i 2022: 3 623 845

Varekostnad i 2023:	255 860	mot i 2022: -127 227
Lønnskostnad for 2023:	2 924 816	mot i 2022: 2 514 186
Andre driftskostnadar i 2023:	666 125	mot i 2022: 646 358

Resultatet visar eit overskot pr. 31.12.2023 på **kr. 115 219**
Samanlikna med 31.12.2022 då det vart eit overskot på **kr. 489 224**

Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av stiftinga sine eigendalar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Diverse aktivitetar 2023

- 11. januar - Kurs for fagleg leiar
- 16. januar - Forsøksprosjekt, lakking av båt hos Os ASVO
- 16. februar - Møte UNESCO immateriell nettverk i Bergen
- 20. februar - Møte med Visit Bjørnafjord
- 21. januar - Møte på Solstrand - Nasjonalt Oselvarsenter
- 16. februar - Møte i Sandviken kystlag ang museumsbåtane
- 21. februar - Møte med KLP - orientering for alle tilsette ang pensjon
- 23. februar - Omvisning for Fana Sparebank i samband med æringssprosjektet
- 13 - 24. mars - Gjestearbeider Marine Le Berre frå Frankrike
- 11. april - Fagprøve bestått Torstein Runde Huus
- 18. april - Levering av færing til Solstrand
- 17 - 20. april - Intervju av søkerar til læreplassar på Oselvarverkstaden
- 24- 24. april - Kurs i fotogrammetri av tradisjonsbåt på Jektefartsmuseet i Bodø
- 29. April - Årsmøte i Håndlaget (Economusee)
- 26. mai - Fagprøve bestått Nis Kristian Nielsen
- 8. juni - Rigging av seksæringar til Osterøy turlag
- 6. juni - Utdeling av støtte frå Sparebanken Vest - Handverk i Bjørnafjorden
- 13. juni - Kunstudstilling - Samarbeid med Os barnehage
- 19. august - 6. september - Arbeid med rigging av åttringen Harald
- 28. august - 15. september - Oselvardagar for niandeklasseelevarne i kommunen
- 30. august - Sjøsetting på Osterøy, seksæringane til Osterøy turlag
- 1. september - Oppstart for nye lærlingar
- 7 - 10. september - Råseglsseminar i Fanafjorden
- 11 - 12. september - Motorsagkurs for lærlingar
- 16 - 20. september - Gjestearbeidar Morten Kramer fra Tyskland
- 20 - 22. September - Nordisk klinkbåtsamling i Roskilde, Danmark
- 15. november - Presentasjon av VR-satsinga for Economusee i Canada (Teams)
- 22 - 24. november - Verktøyseminar i Norheimsund
- 5. desember - Gjestearbeider Holger Frick fra Lichtenstein
- 9. desember - Juleverkstad og open dag på Oselvarverkstaden

Os, 05.02.23

Henrik J. Askvik
styreleiar

Vidar Langeland
dagleg leiар

Terje Planke
styremedlem

Stig Morten Frøiland
nestleiar

Stig Salbu Henneman
styremedlem

Helge Steinum
styremedlem

